



Kjempedyktige kvinnersmusikarar, Ingebjørg Eik og Gjermund Fredheim.

I dag vart det avvikla to minikonserter ved inngangen til Varehuset Rosendal. Det var songaren Ingebjørg Eik frå Rosendal og uskedalsgitaristen Gjermund Fredheim som presenterte eit halvtimes program gjennom to omgangar. Underteikna overvar den siste konserten, og eg angra umiddelbart på at eg ikkje hadde fått med meg den første konserten også. Fantastisk var det å oppleve dei to som opplagt held profesjonelt nivå!!

Det varierte programmet inneheld alt fra kjende Beatles-slagerar og stemningsfulle White Christmas til nummer som var meir ukjende for underteikna. Dei to kunstnarane sette sitt særpreg på det dei framførte. Ingebjørg imponerte nok ein gang med si kraftfulle og innlevingsrike røyst medan Gjermund som vanleg briljerte på gitaren. I tillegg bidrog han både med vokal og på ukulele.

- Det er så kjekt å oppleve så proffe folk, vart det mellom anna sagt frå publikummaren som stod ved sida av meg. Og publikum vart fleire utover i konsertavdelinga; - dei sette tydeleg pris på det dei høyrde og applauderte med langvarig trampeklapp.

Både Ingebjørg Eik og Gjermund Fredheim er no busett i Bergen. Gjermund har dette halvåret permisjon frå stilling i Bergen kulturskule og er freelansmusikar på heiltid. Den allsidige og dyktige gitaristen er engasjert med alt frå klassisk musikk til metal-band. Neste veke står konsertar i Nederland for tur. Ingebjørg er nyleg flytta frå hovudstaden for å studere i Bergen, og ho er i ferd med å etablere seg i musikklivet der.

Handelsstanden i Rosendal fortener ros som presenter musikarar på slikt nivå. Eg håpar verkeleg eg får høyre Gjermund og Ingebjørg i samspel i andre konsertsamanhengar i Kvinnherad. Dette gav meirsmak!!

Av: Thor Inge Døssland